



Sakshandsamar: Øyvind Meling

Referansar: KM 07/04, KR 35/06, KM 06/06, KR 17/07, KR 49/08

Vedlegg:

KM 6.1.1/08 Plan for kyrkjemusikk

Plan for kyrkjemusikk

Samandrag

Kyrkjemøtet i 2004 bad Kyrkjerådet starte arbeidet med å lage ein plan for kyrkjemusikk. Kyrkjerådet fremja i 2006 eit forslag for Kyrkjemøtet, men Kyrkjemøtet fann ikkje å kunne vedta planen og bad Kyrkjerådet om å utarbeide eit nytt forslag. Kyrkjerådet oppnemnde våren 2007 ein ny komité. Denne komiteen la fram eit forslag til plan for Kyrkjerådet våren 2008. Dette forslaget har så vore på høyring.

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjere følgjande vedtak:

Kyrkjemøtet vedtek ”Plan for kyrkjemusikk” i Den norske kyrkja. Planen blir gjort gjeldande frå 01.01.09.

Saksorientering

Bakgrunn

Kyrkjerådet oppnemnde i 2005 ein komité til å kome med forslag til ”Plan for kyrkjemusikk”. Planen vart fremja for Kyrkjemøtet i 2006. Kyrkjemøtet vedtok å sende saka tilbake til Kyrkjerådet for ny handsaming (sak KM 06/06).

Kyrkjerådet oppnemnde ei ny plangruppe på møtet sitt i februar 2007, med kyrkjevevjerje Dag Landmark som leiar. I tillegg vart forbundssekretær Trond Dahlen, seksjonsleiar Henny Koppen, sokneprest Arne Dag Kvamsøe, organist Liv Mæsel Rundberg, etter forslag frå Samisk kyrkjeråd, og kyrkjelydsmusikar Gunhild Terese Vignes, etter forslag frå Utval for ungdomsspørsmål, oppnemnde. Kantor Anders Hovin har kome inn i gruppa seinare. Sekretær har vore seniorrådgivar Øyvind Meling.

Plangruppa fekk dette mandatet frå Kyrkjerådet (sak KR 17/07):

Kirkerådet ber planutvalget i arbeidet legge vekt på følgende momenter:

Målgruppe

- Planen skal være en rammeplan og et ressursdokument for menighetsrådets arbeid med lokale planer i kirkemusikk.
- Planen må stimulere mangfoldet i kirkemusikalske tradisjoner og ressurser.

Målsetting

Rammeplanen må forsøke å formulere målsettinger for blant annet

- salmesang og liturgi
- bevare og fornye den kirkemusikalske arv
- stimulere til fornyelse og bredde
- arbeidet blant barn/unge
- korarbeid
- samarbeid med amatører og profesjonelle
- kvalitet og bredde

Hovedelementer

Planen bør være konkret og kan blant annet drøfte følgende hovedpunkter:

1 Gudstjenesten og kirkelige handlinger

- salmesangen
- orgelet
- andre instrumenter
- forskjellige tradisjoner
- liturgiske ledd

2 Musikken i menighetens virksomhet

- trosopplæring

- diakoni (sykehjem og eldrearbeid)
- kulturarbeid

3 Samarbeid med frivillig og profesjonelt musikkliv

- barnehage
- skole
- musikkskoler
- kulturell skolesekk

4 Kunsten å være kirke

- andre kunstuttrykk i kirken

5 Organisering/økonomi/ bemanning

Kyrkjerådet bad om at plangruppa skulle levere forslag til ny plan innan 15.01.08.

Oppbygging av planen

Kyrkjerådet fekk planforslaget til uttale i februar, før han vart send på høyring.

Planen har ein struktur som tilsvarer ”Plan for diakoni”. Planen har tre hovudkapittel. Eit kapittel handlar om det teologiske grunnlaget for kyrkjemusikken og eit tek for seg den musikalske verksemda i kyrkjelyden, der ein drøftar musikk i teologisk og kyrkjeleg samanheng. I kapitlet ”Kyrkjemusikk i praksis” tek ein opp att dei same punkta og gir døme på korleis ein kan arbeide med kyrkjemusikken lokalt.

Dei sentrale punkta er gudstenester og kyrkjelege handlingar, korverksemd, skule, barnehage og kulturskule, kyrkja som konsertarena og instrument og bemanning.

Komiteen meiner det er vanskeleg å lage ein presis definisjon på kva kyrkjemusikk er. Det er ikkje sikkert at det er ønskjeleg heller. Komiteen har likevel prøvd å formulere ein definisjon av kyrkjemusikk:

**Kyrkjemusikken sameinar eit åndeleg og eit musikalsk siktemål.
Kyrkjemusikken tolkar og formidlar kristen tru. Han er kyrkjelyden sitt felles svar på Guds tiltale og har som oppgåve å støtte og gi næring til det åndelege livet i kyrkjelyden.**

Dette er ein definisjon som knyter kyrkjemusikken til kyrkjelyden og dei oppgåver som han er sett til å forvalte. Samstundes opnar definisjonen for mangfaldet av kulturelle uttrykk.

Høyring

Kyrkjerådet sende utkastet til ”Plan for kyrkjemusikk” på høyring til utdanningsinstitusjonar, fagforbund, KA, biskopane, bispedømeråda (bdr) og

organisasjonar innanfor kyrkjemusikkfeltet. Planforslaget vart òg lagt ut på www.kyrkja.no, med invitasjon også til andre om å kome med høyringssvar.

Det kom høyringssvar frå desse institusjonane:

Oslo bdr/biskop	Griegakademiet
Borg bdr/biskop	KUN
Hamar bdr/biskop	Høgskolen i Staffeldtsgate
Tunsberg bdr/biskop	MF
Agder og Telemark bdr	KA
Björgvin bdr/biskop	MFO
Møre bdr/biskop	Presteforeningen
Nidaros bdr	Steinkjer kyrkjelege fellestråd
Sør-Hålogaland bdr	Musica Sacra
Nord-Hålogaland bdr/biskop	Ung kirkesang
Institutt for musikk, NTNU	Norges kirkesangforbund

Kyrkerådet bad i høyringsbrevet om å få tilbakemelding på særleg fire spørsmål:

- 1 Korleis planen er bygd opp
 - Har planen ei oppbygging og eit innhald som gjer han til eit tenleg verktøy i arbeidet med kyrkjemusikk lokalt og regionalt?
 - Har planen eit tenleg omfang?
 - Burde planen ha ein djupare refleksjon kring heile kulturfeltet?
 - Dekkjer planen godt nok det frivillige arbeidet i kyrkjelyden?
 - Er det emnefelt innanfor kyrkjemusikken som ein saknar?
- 2 Er kapittel 3 i planen dekkjande for det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelyden?
- 3 Er definisjonen på side 2 dekkjande for forståinga av kva kyrkjemusikk er?
- 4 Gir kapittel 4 hjelp til planarbeidet lokalt gjennom oppbygginga som gir døme på mål, viktige spørsmål og tiltak?

Dei i plangruppa som hadde høve til det, har saman hatt ein ny gjennomgang av planen etter at høyringssvara kom inn. Ein har der prøvd å stramme opp språket i planen og gjere han meir presis. Elles har ein gjennomgått planforslaget og gjort nokre endringar ut frå dei innspela som kom inn.

Planen generelt

Planen får mykje positiv omtale, men høyringsinstansane har ulike saker dei ønskjer å få inn i planen, eventuelt at dei blir gjorde tydelegare. Eit av områda der høyringssvara skil seg, er i kor stor grad planen skal vere ein plan for kyrkjemusikarane og spesielt omtale deira oppgåver, eller om planen primært skal omtale heile kyrkjemusikkfeltet i soknet.

Kyrkjerådet meiner at planen primært skal omtale arbeidet med kyrkjemusikk i soknet. Planen vil gjennom det også seie noko om kva dei tilsette skal arbeide med på dette feltet.

Det er frå mange hald, mellom anna frå fleire av bispedømeråda, kome innspel om at planen i større grad må omtale kyrkjemusikk som trusopplæring. Det ligg inne i planen på fleire stader, mellom anna under korarbeid, men ein ønskjer det som eige punkt. Komiteen har lagt inn eit nytt punkt som heiter "Trusopplæringsperspektiv" i punkt 3.1.

Fleire meiner at ein gjennom planen må få fram at kyrkja treng godt utdanna kyrkjemusikarar. Det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelyden er avhengig av personar med god utdanning innanfor musikk og kultur. Behovet for tilsette med høg kompetanse kjem no tydelegare fram i planen. Samstundes er det teke med ei grunngeving for kvifor ein bruker omgrepet kyrkjemusikar.

Oppbygging og innhald

Planen har i stor grad same oppbygging som planen for diakoni. Denne oppbygginga får i stor grad støtte frå høyringsinstansane. Dei meiner at planen har ei høveleg lengd.

Somme har spurt etter djupare refleksjonar på nokre felt, ikkje minst innanfor ei trinitarisk forståing av kyrkjemusikk, forholdet mellom omgrepa kantor og kyrkjemusikar, og omtalen av kva kvalitet er. Når det gjeld underspørsmåla, meiner fleire av høyringsinstansane at planen i større grad bør binde bispedømeråda til å setje av ressursar til kyrkjemusikk. Møre bispedømeråd meiner at det bør vere ei rådgivarstilling for kyrkjemusikk i alle bispedøma, og at planen må gi pålegg om dette. Kyrkjerådet støttar intensjonen, men meiner at Kyrkjemøtet ikkje har heimel til å påleggje bispedøma dette gjennom ein plan. Ei slik stilling ligg inn under dei prioriteringane bispedømerådet sjølv må gjere.

Definisjon

Fleire av høyringsorgana spør om det er mogleg å lage ein definisjon av kyrkjemusikk, og om ein treng det, mellom anna NTNU, Borg bispedøme og KA. Hamar og Nidaros bispedømeråd spør om planen lagar for skarpe grenser for kva kyrkjemusikk er, medan Norges kirkesangforbund meiner at definisjonen er for open.

I det nye forslaget er definisjonen flytta til kapittel 1 og korta noko ned. Komiteen meiner at han no er open, samstundes som han seier at kyrkjemusikk har eit bestemt sikte som gjer han til kyrkjemusikk. Komiteen har drøfta om ein skal ha ein definisjon i det heile, og har kome til at det er føremålstenleg.

Kap 2 Det teologiske grunnlaget

Fleire instansar saknar ei sterkare forankring i den treeinige Gud og ikkje berre i skapingsteologien. I det nye forslaget er teksten spissa, og ein har gjort endringar der

meininga var noko uklar. Det er også gjort ein omredigering av kapitla 1, "Innleiing", og 2, "Det teologiske grunnlaget".

Forholdet mellom planen for kyrkjemusikk og kulturfeltet

Fleirtalet av høyringsinstansane meiner at kulturfeltet er dekt gjennom meldinga "Kunsten å være kirke", men at ein i større grad kan vise til denne meldinga i planen. Kyrkjemusikken er eit felt innanfor kulturen, og komiteen meiner at planen skal sikte seg inn mot kyrkjemusikken. NTNU saknar ei breiare drøfting av kva kultur forstått som foredling og estetisk danning er. Det er ikkje gjort noka endring på dette feltet. Planen peikar på og meiner seg å stå i samanheng med "Kunsten å være kirke".

Omgrepet kvalitet

Handsaminga av omgrepet kvalitet i planen får blanda kritikk. Nokre spør om det er mogleg å seie noko om det i det heile, andre meiner at handsaminga er god, medan andre igjen meiner at ho blir for snever, ut frå ulike ståstader. Det viser at det er vanskeleg å seie klart kva kvalitet er. MFO ønskjer at ein stryk heile avsnittet, medan KA meiner at avsnittet gir lekfolk lite hjelp til å definere omgrepet i møte med fagfolk. Norges kirkesangforbund meiner at ein må understreke kantor sin fagkompetanse tydelegare i samband med omtalen av kva kvalitet er. Det er ikkje gjort vesentlege endringar i dette avsnittet.

Særlege perspektiv

Vedtaket på Kyrkjemøtet i 2006 seier at planen tek for lite omsyn til det samiske perspektivet. Det har vore drøfta på kva måte ein skulle trekkje inn dette perspektivet. Ein har valt å ha eit eige avsnitt om kyrkjemusikk i samisk perspektiv og ikkje berre omtale det inne i teksten. Nord-Hålogaland bispedømeråd og KUN saknar at ein òg tek opp det kvenske perspektivet, og Oslo bispedømeråd saknar eit avsnitt om kyrkjemusikk i døvekyrkjeleg samanheng. Agder og Telemark bispedømeråd saknar eit avsnitt om våre nye landsmenn og dei framandspråklege, og Borg bispedømeråd understrekar at planen må samordnast med dei andre planane. I den samanheng nemner dei den funksjonen musikk har i møte og arbeid med menneske med utviklingshemmingar. Kyrkjerådet meiner at desse ulike perspektiva eventuelt må utdjupast i hjelpemateriell som må utviklast i åra som kjem.

Handsaming i Kyrkjerådet

Etter høyringa vart planen gjennomgått på nytt av delar av plangruppa. I Kyrkjerådet si handsaming i september vart det spurt etter eit perspektiv på musikk som profetisk/kritisk røyst og eit tydelegare uttrykk for kyrkja som konsertarrangør, ikkje berre som utleigar. Desse to momenta er innarbeidde i planen som Kyrkjemøtet får.

Innføring av planen

Planen viser til ei brei forståing av kva som er kyrkjemusikk. For å dekkje feltet treng ein kompetanse på mange område. Kyrkjelyden kan ikkje rekne med at den enkelte kantoren/organisten kan dekkje heile feltet. Det er behov for kursing av både frivillige og tilsette i ein innføringsperiode, slik at arbeidet i kyrkjelydane kan utvikle seg vidare. Dette arbeidet skal skje samstundes som kyrkjelyden arbeider med ny gudsteneste. Desse to felta heng nøye saman. Det må arbeidast vidare både lokalt, regionalt og sentralt med å sjå planarbeidet på dei ulike felta saman, samstundes som ein må arbeide med dei særskilte utfordringane innanfor kyrkjemusikken.

Rekrutteringa innanfor kyrkjemusikk er krevjande for tida. Det må difor også arbeidast med korleis ein kan sikre god fagleg kompetanse i kyrkjelydane. Eit verkemiddel er å sjå på stillingsstorleiken til den enkelte tilsette.

Økonomiske/administrative konsekvensar

”Plan for kyrkjemusikk” blir utgitt i både trykt og elektronisk utgåve etter vedtak på Kyrkjemøtet. Diakoniplanen er trykt i både nynorsk- og bokmålsutgåve, og kjem i tillegg i samisk utgåve. Det same bør gjerast med planen for kyrkjemusikk. Planen blir òg lagd ut elektronisk på www.kyrkja.no.

Kostnadane for trykking av planen blir innarbeidde i budsjettet for 2009. Ut frå erfaring med diakoniplanen vil dei kome på om lag kr 60 000 + mva. Ein reknar med at kvart søkneråd, fellesråd og prost får kvart sitt eksemplar gratis.

Det må setjast av ressursar i sekretariatet til å arbeide med implementering av planen regionalt og lokalt.